

## Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Frode Vee-Haugen	FA - U63	16/148

Saknr	Utval	Type	Dato
040/2016	Formannskapet	PS	19.04.2016
028/2016	Kommunestyret	PS	28.04.2016

### Oppattnying av skjenkeløyver for perioden 2016 - 2020

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Nye skjenkeløyve vert tildelt desse løyvehavarane v/dagleg leiar:  
Hans Henrik Fanebust, 5936 Manger – Stordalen Oppleving  
Anita Tepstad, 5981 Masfjordnes – Sandneskafeen AS
2. Desse vert godkjend som styrar og avløyssarar for skjenkeløyvet:  
Stordalen fjellstove – Styrar: Sissel Trædal,  
Avløyssar: Hans Henrik Fanebust, 5936 Manger  
Sandneskafeen AS – Styrar: Anita Tepstad, 5981 Masfjordnes.  
Fritak for avløyssar.
3. Løyvet omfattar desse lokala/uteareal:  
Stordalen fjellstove:  
- 1. etg. med altan, bar/pub i kjellaretasje og minibar på overnattingsrom  
- Uteområde under altan utanfor matsal. Utgang og tilgang til arealet under altan er utgang frå bar/danseplass i kjellar. Skjenkeareal innandørs 525 kvm. Skjenkeareal utandørs 120 kvm.  
- Tal sitteplassar innandørs er 250, medan tal sitteplassar utandørs er 60  
Sandneskafeen:  
- Hovudlokale 1. etasje ca. 100 m2.  
- Uteområdet ca. 100 m2 med merka område i inngjerda og skjerma hage.
4. Løyva gjeld for øl og vin og vert gjeve alle dagar frå kl. 13.00 til kl. 01.00. Overnattingsstaden Stordalen fjellstove får brennevinsløyve frå kl. 13.00 til kl. 24.00.
5. For slutta selskap gjeld utvida løyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3 slik:  
Alle skjenkestader frå kl. 13.00 til kl. 02.00.
6. Det er eit vilkår at det vert matsservering i både pubdel og kafeteriadel av lokala.
7. Skjenkeløyvet gjeld frå og med 01.04.2016 til og med 31.03.2020, jfr. alkohollova § 1-7.
8. Vilkår: Innlevert skatteattest for Stordalen Oppleving innan 19.04.2016

## Heimel

Alkohollova med forskrifter

### **Saksopplysningar:**

#### **Bakgrunn**

Det er to skjenkestader som søker om oppattnying av skjenkeløyvet:  
Stordalen Oppleving (Stordalen Fjellstove), v/Hans Henrik Fanebust, 5936 Manger.  
Sandneskafeen AS v/Anita Tepstad, 5981 Masfjordnes.

Eksisterande løyveperiode for alle skjenkestader gjeld fram til 31.03.16. Løyvet gjeld likevel til utgangen av den månaden der løyvet vert endeleg avgjort, jfr. alkohollova § 1-6, siste ledd. Kommunen har informert eksisterande løyvehavarar med brev om ein søknadsfrist den 15.03.16.

#### **Uttale**

Skatteoppkrevjaren har i brev datert 18.03.16 gjeve slik uttale:

«Skatteoppkrevjaren i Masfjorden har ingen merknader til at følgjande firma får fornya sals- og skjenkeløyve for perioden 2016 – 2020:

998563615 Stordalen Oppleving  
912313387 Sandneskafeen as  
981375041 Nærbutikken Tomas Krossøy v/Marit Krossøy  
993608777 Kvingo Nærkjøp as  
956263360 Matre handel  
997582470 Nærbutikken Sandnes  
998462339 Nordbygda Senter as «

Lensmannen har i brev datert 7.04.16 gjeve slik oppdatert uttale:

«Uttalen gjeld:

Nærbutikken Tomas Krossøy  
Kvingo Nærkjøp  
Nordbygda Senter  
Sandneskafeen  
Stordalen Fjellstove  
Matre handel  
Nærbutikken Sandnes

Lensmannen har ikkje merknader til styrarar eller avløyssarar i dei aktuelle sakene. Lensmannen har heller ikkje merknader til tid for sal/skjenking eller andre forhold i søknadane.»

NAV Masfjorden sosialtenesta har den 7.04.2016 gjeve slik uttale:

«NAV Masfjorden har mottatt brev om innhenting av uttale til nye sals -og skjenkeløyver for perioden 2016-2020. Dette gjeld

- Kvingo nærkjøp
- Nordbygda senter
- Nærbutikken Tomas Krossøy v/ Marit Krossøy.
- Sandneskafeen

## · Stordalen Fjellstove

NAV Masfjorden kan ikkje tilrå fornying av sals -og skjenkeløyver til desse søknadene, ut frå sosiale, helsemessige tilhøve og ut frå alkoholpolitisk handlingsplan for Masfjorden kommune.

Målsetjinga i Alkoholpolitisk handlingsplan for Masfjorden kommune for perioden 2012-2016, vedteken 29.03.2012 er; " .. å avgrensa dei skader som alkoholforbod kan innebere for samfunnet og enkeltindivid i Masfjorden kommune, og redusera alkoholbruken i tråd med nasjonal målsetjing".

Dei har ikkje gjeve uttale for Matre Handel(Joker Haugsvær) og Sandnesbutikken etter purring.

## Fakta

Alle søkerane søker om allment skjenkeløyve i 4 år slik:

Stordalen fjellstove:

Alle andre dagar frå kl. 13.00 – kl. 01.00. Alkoholgruppe 1, 2 og 3

Sandneskafeen:

Innandørs alle dagar frå kl. 13.00 – 02.00 og utandørs alle dagar frå kl. 13.00 - kl. 01.00.

Alkoholgruppe 1 og 2.

Område for eksisterande skjenkeløyve:

*Stordalen fjellstove:*

- 1. etg. med altan, bar/pub i kjellaretasje og minibar på overnattingsrom. Uteområde under altan utanfor spisesal. Utgang og tilgang til arealet under altan er utgang frå bar/danseplass i kjellar. Område under altan avgrensa med tregjerde.

*Sandneskafeen:*

- Hovudlokale i 1. etasje inngang frå/til hovudlokale og uteområde med inngjerda og skjerma hage. Inngang frå/til hovudlokale.

Alle skjenkestadene søker om oppattnying av skjenkeløyve for eksisterande område.

Stordalen Fjellstove har skjenkeløyve for alkoholgruppe 1 og 2 frå kl. 13.00 – kl. 01.00 og brennevinsløyve frå kl 13.00 – kl. 24.00. Sandneskafeen har skjenkeløyve for alkoholgruppe 1 og 2 frå kl. 13.00 – kl. 02.00.

Sissel Trædal er oppgjeve som dagleg leiar og styrar for skjenkeløyvet til Stordalen Fjellstove.

Anita Tepstad er oppgjeve som dagleg leiar med for skjenkeløyvet til Sandneskafeen.

Sandneskafeen søker om fritak for krav om avløyser for styrar på grunn av kafeen sin storleik og

liten omsetnad.

Alle skjenkestadene har levert omsetningsoppgåve for 2015.

Det er berre Sandneskafeen AS som har levert skatteattest.

Alle søkarane med styrarar og avløyssarar har dokumentert kunnskap om alkohollova ved at dei har stått i kunnskapsprøven som Masfjorden kommune har halde, jfr. alkohollova § 1-7c, 3. ledd.

Stordalen Oppleving har opplyst at dei vil korrigere søknaden slik at Hans Henrik Fanebust står oppført som dagleg leirar av verksemda og serveringsløyvet. Dei har opplyst at dei vil ettersende stadfesting på dette pr. e-post samt skatteattest som mangla ved søknaden.

## Vurdering

Kommunen har til no ikkje motteke kontrollrapportar eller klager av nokon art som tyder på at reglane i alkohollova med forskrifter ikkje har vore følgt for skjenkestadene som har søkt om løyve. Erfaringane med dei etablerte løyva så langt har vore gode.

Lensmannen og skatteoppkrevjaren har ingen merknader til at aktuelle søkarar får oppattnya skjenkeløyva.

Ingen av skjenkestadene er typiske nærområder for barn og ungdom, slik dei no er definert i alkoholpolitisk handlingsplan pkt. 1.3: "Opphaldsstader og nærområder for born og unge er definert som samlingsstader som vert brukt til leik, aktivitetar i skule og/eller fritid.

Prinsippet om likebehandling av skjenkesøknader må stå sterkt, det same gjeld behovet for harmonisering av dei lokale skjenkevilkåra.

Det skal sterke grunnar for å ha vesentleg ulike opningstider mellom skjenkestadene eller aldersgrense for nokon men ikkje for andre. Argumentasjonen for at nokre av skjenkestadane er meir opphaldsstader for barn og ungdom enn andre må vera sterk. Både barnehage og skule ligg eit godt stykke unna dei fleste skjenkestadene.

Alle skjenkestadene er i større eller mindre grad ein del av det totale reiselivsproduksjonen i kommunen sjølv om ikkje alle har overnattingstilbod, sjå også pkt. 5 i alkoholpolitisk handlingsplan.

Etter ei samla vurdering vert det gjeve nytt skjenkeløyve for alle tre skjenkestadane mellom kl 13.00 og 01.00 i samsvar med reglane for opningstider i alkoholpolitisk handlingsplan. I tillegg vert det gjeve brennevinsløyve fram til kl 24.00 for Stordalen fjellstove. Innan for dette tidsrommet kan den enkelte verksemd sjølv avgjera skjenketidene. Som ein konsekvens av dette må reglane i alkohollova handhevast strengt. Det vert ikkje sett aldersgrense for tilgang til lokalet, da dette kan virka urimeleg for familiar og barn og ungdom som ynskjer å kjøpa mat på dagtid.

Etablerte skjenkestader som alt har løyve bør også i denne løyveperioden få utvida løyve i samband med lukka einskildarrangement eller såkalla slutta lag.

Løyvehavarane har dokumentert gode kunnskapar om alkohollova sine reglar ved at både styrarar og

avløysarar har greidd kunnskapsprøva som kommunen har halde.

## Konklusjon

Det vert gjeve skjenkeløyve for øl og vin for alle søkjarane frå kl 13.00 til 01.00 alle dagar. I tillegg vert det gjeve brennevinsløyve fram til kl 24.00 for Stordalen fjellstove.

Alle skjenkestadene får uteservering på eit nærmare definert område.

Alle skjenkestadene får utvida løyve for slutta lag for alkoholgruppe 1, 2 og 3 frå kl. 13.00 til kl. 02.00. Løyvet gjeld for perioden 01.04.16 til 31.03.20.

Styrarar og avløysarar vert godkjende slik det er søkt om.

## **Formannskapet - 040/2016**

### **FS - behandling:**

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - vedtak:**

1. Nye skjenkeløyve vert tildelt desse løyvehavarane v/dagleg leiar:  
Hans Henrik Fanebust, 5936 Manger – Stordalen Oppleving  
Anita Tepstad, 5981 Masfjordnes – Sandneskafeen AS
2. Desse vert godkjend som styrar og avløysarar for skjenkeløyvet:  
Stordalen fjellstove – Styrar: Sissel Trædal,  
Avløysar: Hans Henrik Fanebust, 5936 Manger  
Sandneskafeen AS – Styrar: Anita Tepstad, 5981 Masfjordnes.  
Fritak for avløysar.
3. Løyvet omfattar desse lokala/uteareal:  
Stordalen fjellstove:  
- 1. etg. med altan, bar/pub i kjellaretasje og minibar på overnattingsrom  
- Uteområde under altan utanfor matsal. Utgang og tilgang til arealet under altan er utgang frå bar/danseplass i kjellar. Skjenkeareal innandørs 525 kvm. Skjenkeareal utandørs 120 kvm.  
- Tal sitteplassar innandørs er 250, medan tal sitteplassar utandørs er 60  
Sandneskafeen:  
- Hovudlokale 1. etasje ca. 100 m2.  
- Uteområdet ca. 100 m2 med merka område i inngjerda og skjerma hage.
4. Løyva gjeld for øl og vin og vert gjeve alle dagar frå kl. 13.00 til kl. 01.00. Overnattingsstaden Stordalen fjellstove får brennevinsløyve frå kl. 13.00 til kl. 24.00.
5. For slutta selskap gjeld utvida løyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3 slik:

Alle skjenkestader frå kl. 13.00 til kl. 02.00.

6. Det er eit vilkår at det vert matsservering i både pubdel og kafeteriadel av lokala.
7. Skjenkeløyvet gjeld frå og med 01.04.2016 til og med 31.03.2020, jfr. alkohollova § 1-7.
8. Vilkår: Innlevert skatteattest for Stordalen Oppleving innan 19.04.2016

### **Heimel**

Alkohollova med forskrifter

## **Kommunestyret - 028/2016**

### **KS - behandling:**

Ordførar Karstein Totland (H) sa om at han var aksjeeigar i Sandneskafeen og meinte seg ugild i saka.

Varaordførar Torill Torsvik Størkersen overtok møteleiinga.

Atle Nordland (H) og Bjarthe Andvik (H) sa at dei var aksjeeigarar i Sandneskafeen og meinte seg ugilde i saka.

Det vart samrøystes vedteke at Totland, Nordland og Andvik var ugilde i saka.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart vedteke mot ei røyst (KrF (Jon Hope)).

### **KS - vedtak:**

1. Nye skjenkeløyve vert tildelt desse løyvehavarane v/dagleg leiar:  
Hans Henrik Fanebust, 5936 Manger – Stordalen Oppleving  
Anita Tepstad, 5981 Masfjordnes – Sandneskafeen AS
2. Desse vert godkjend som styrar og avløyssarar for skjenkeløyvet:  
Stordalen fjellstove – Styrar: Sissel Trædal,  
Avløyssar: Hans Henrik Fanebust, 5936 Manger  
Sandneskafeen AS – Styrar: Anita Tepstad, 5981 Masfjordnes.  
Fritak for avløyssar.
3. Løyvet omfattar desse lokala/uteareal:  
Stordalen fjellstove:  
- 1. etg. med altan, bar/pub i kjellaretasje og minibar på overnattingsrom  
- Uteområde under altan utanfor matsal. Utgang og tilgang til arealet under altan er utgang frå bar/danseplass i kjellar. Skjenkeareal innandørs 525 kvm. Skjenkeareal utandørs 120 kvm.  
- Tal sitteplassar innandørs er 250, medan tal sitteplassar utandørs er 60  
Sandneskafeen:

- Hovudlokale 1. etasje ca. 100 m2.
  - Uteområdet ca. 100 m2 med merka område i inngjerda og skjerma hage.
4. Løyva gjeld for øl og vin og vert gjeve alle dagar frå kl. 13.00 til kl. 01.00. Overnattingsstaden Stordalen fjellstove får brennevinsløyve frå kl. 13.00 til kl. 24.00.
  5. For slutta selskap gjeld utvida løyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3 slik:  
Alle skjenkestader frå kl. 13.00 til kl. 02.00.
  6. Det er eit vilkår at det vert matsservering i både pubdel og kafeteriadel av lokala.
  7. Skjenkeløyvet gjeld frå og med 01.04.2016 til og med 31.03.2020, jfr. alkohollova § 1-7.
  8. Vilkår: Innlevert skatteattest for Stordalen Oppleving innan 19.04.2016

**Heimel**

Alkohollova med forskrifter